

# Arbeidsrapport andre byggetrinn

Startdato første byggetrinn: 27/12 2017 56 timar eige arbeid, 56 timar leigd arbeid

Sluttdato andre byggetrinn: 19/01 2020

Slik vart arbeidet utført: Då taket var tett, byrja me å byggje etasjes-skilje, så fekk me på golv, så var det asfaltplater, vindsperre og isolasjon. Så panel på veggjar og tak. Sette inn eit gamalt vindaug som me reparerte. Fann ei lita gamal dør mellom bislag og loftsrom. Bygde ny uthusdør med dei gamle hengslene. No var det vorte november. Så hadde me ein midtvinterpause. Jul og slikt.

Me fortsette med 2. del av taket utover våren 2019. Det var vanskeleg med mykje gamal, ujamn stein som var litt ulike på storleik. Fekk det til etter mange forsøk, der med tok det ned mange gonger før me var nøgde med resultatet. Så fortsette me med bordkledning. Borda saga me av eigen skog på Gripen sitt motorsagbruk. Me snekra nye dører, men brukte dei gamle stabel-hengslene. Etter kvart fekk me måla, så var det ein bolk med meir bordkledning, og innsetjing av nokre gamle vindaug me hadde spara på. Etter kvart kom takrenner på. Meir måling. Det som står att no er fasade og takrenner mot nord, vøling av golv i 1 etg, og innreiing av den delen av 1. etasje som ikkje er eldhus.

Utfordringar: Det er svært krevjande å få eit brukbart hus av eit hus som er delvis frå 1500-talet og delvis så rote at det langt frå kunne bere noko tak. I hjørnet mot nordaust var tømmerveggane så rotne at det gjekk at å ta dei frå kvarandre med hendene. Dette løyste me med å byggje ein ny konstruksjon utanpå det gamle huset, og no står dei gamle veggane til tørk. Når dei er tørka opp kan me starte siste byggetrinn, med å fikse det store rommet i 1.etg. Men eldhuset er redda, og eg er GLAD! Eldhuset er eit svært viktig hus i Gripen, utan dette huset, ingen tunskipnad. Elles hadde me ein brann, då taket var kome opp. Det var ei skjult brannfelle bak eldhusomnen, og det byrja å brenne i den delen av huset, som var best. Heldigvis starta brannen rett under ull-lageret i Gripen, og difor greidde me å halde brannen nede til brannvesenet kom. Dei utviste stor respekt for eit gamalt hus, og la frå seg motorsaga! Då alt var over, og det hadde gått veldig bra, og huset hadde ikkje vorte alt for skada, takka vere ulla, flinke folk i Gripen og eit fantastisk brannvesen, var det oppstemt stemning på tunet, og me var einige om at det hadde vore ein ganske liten glad-brann!

Nytte av arbeidet: No er eldhuset eit hus me kan bruka, både til å sove i, til lager, og eg har hatt 18 personar på tre-rettars middag med kvit duk og krystall-glas. Eg har og hatt fleire plantefargingskurs i og utom eldhuset. Så no er huset praktisk i drifta, og det genererer inntekt.

Leigd arbeid. Me har gjort meste arbeidet sjølv, men Gisle Olsvoll har vore her noko. Sjå fakturakopi.

Økonomi: Som vanleg gjer me mest sjølv, får tak i brukt material, og no har me og saga frå eigen skog på eiga sag. Så samlar me på vindauge, dører og slikt til me får bruk for dei. Det som er kjøpt, er kjøpt lokalt.

Ettertanke: At eldhuset i Gripen skulle overleve var ikkje nokon sjølvsgt ting. Alle som var her og meinte noko om det, meinte det var bos, og at det einaste som nytta var å brenne skiten, og at et ikkje ga meining å ta vare på det. Undervegs har me hatt mykje motgang av ulikt slag, storm som tok taket fleire år før me hadde pengar eller høve til å gjere noko som helst. I to år vart det klatra på tak med presenningar, og det vart kjempa ein knallhard kamp mot naturkreftene, og då me endeleg hadde fått tak på huset, vart me overraska av brann. Men, no står det der, i tunet, og kastar glans. Og den glade kjensla det gir, er ganske overveldane av og til.

Gripen 28.mars 2020 Helene Olli Sollid